



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 25.03.2021

Klokka 09.00 – 12.00

Stad: Nettmøte

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordfører Anders Vatle
Kvam herad:	Ordfører Torgeir Næss - rådsordfører
Ullensvang kommune:	Ordfører Roald Aga Haug - rådsvaraordfører
Ulvik herad:	Varaordfører Jens Olav Holven
Rådmannsforum	Rådmann Anita Hesthamar
Hardangerrådet iks:	Styreleiar Toralv Mikkelsen
Administrasjonen:	Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Forfall: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen

Agenda:

- 09.00 - 11.00 Sakshandsaming
- 11.00 - 11.30 Tett på - utviklingsprosjekt Hardanger Fartøyvernssenter/
Hardanger og Voss Museum v/ Randi Bårtvedt og Geir Madsen
- 11.30 - 12.00 Lunsj
- 12.00 - 13.30 Årsmøte i Hardangerrådet iks
- 13.30 - 15.00 Evt. sakshandsaming

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Anders Vatle og Roald Aga Haug

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

HR-sak 09/21 Meldingar

Vedtak:

Meldinga vart teken til vitande

HR-sak 10/21 Uttale til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland

Vedtak:

Hardangerrådet vedtek framlagt felles uttale, frå Hardangerrådet og Sogn Regionråd, til Regional plan for innovasjon og næringsutvikling i Vestland.

HR-sak 11/21 Uttale til Vestland fylkeskommune om å oppretthalda Regionalt Etablerarfond som ordning.

Hardangerrådet ber administrasjonen å invitera andre regionråd til også å uttala seg, og at ein tek kontakt med Hovudutval for næring, fortida leia av Sigrid Handegard Brattabø. Det vert også oppmoda om at ordførarane brukar sine politiske kanalar for påverknad.

Vedtak:

Hardangerrådet vedtek framlagt uttale om å oppretthalda Regionalt Etablerarfond som ordning og sender den til Vestland fylkeskommune med kopi til fylkesrådmannen.

HR-sak 12/21 Grøn region Vestland - deltaking i fellesprosjekt med Sogn regionråd og Vestland fylkeskommune

Vedtak:

Hardangerrådet er positive til å delta i regionalt prosjekt "Grøn region Vestland - Indre Sogn og Hardanger" og bidreg med inntil kr 150.000 i finansieringa av prosjektet som vert leia av Vestland fylkeskommune, med føresetnad at Voss herad deltek med sin høvesmessige økonomiske andel (basert på folketal). Løyvinga vert finansiert gjennom restmidlar Regionalt næringsfond.

HR-sak 13/21 Felles regionale retningslinjer vedr. spekkhoggarsafari. Drøfting

Vedtak:

Hardangerrådet ber administrasjonen om framlegg til retningslinjer for spekkhoggersafari i god tid før sesongen, og gjerne til neste møte.

HR-sak 14/21 Orientering om viktige saker i kvar kommune, Vestland fylkeskommune og i Stortinget til oppfølging i Hardangerrådet. Orientering ved kvar ordførar

Koronastøtte er ikkje tilstrekkeleg og mange har falle utanom kompensasjonsordningar. Kan Hardanger sjå på dette?

Reiselivs- og serveringsbransjen er særst hardt råka, men også nystarta bedrifter, fordi dei ikkje har rekneskap å visa til, og butikkar som ligg i kjøpesenter er også utanfor normale ordningar. Dette er døme. Totalt sett er det opp til kvar kommune sjølv å definera korleis dei brukar denne ventilordninga.

HR-sak 15/21 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet

Felles rådsmøte Hardangerrådet og Sogn regionråd 19.4.2021.

Kalenderinnkalling kjem snart.

Koronakonsekvens

Alle kommunane er involvert i koronatilskot og kompensasjonar. Endå meir naudsynt med ny omgang der reglane er svært strenge. Dette tærer voldsomt på næringslivet, og endå meir no enn for eitt år sidan, fordi det har vore så krevande tilstandar så lenge.

Dette gjeld særskilt i reiseliv men også for næringslivet generelt.

Midlane er utilstrekkelege, og det er varsla at det kjem fleire.

Kan Hardangerrådet ta ein runde på dette i neste møte?

Skredsoner

Skredsoner og mangel på skredsonekant er eit hinder for etablering og utvikling i våre kommunar. Korleis arbeider me med dette? Enten hindrar den etablering som kunne skjedd, eller den gjer etablering for dyr for etablerar, fordi dei må sjølve kosta dyre rapportar. Dette fordi arbeid med skredanalysar er er for lite grundige skredanalysar frå myndighetene/NVE som gjev usikre tilbakemeldingar, som hindrar all framdrift. M.a. Eidfjord har store utfordringar med skredfaktor og utarbeiding av rapportar.

Regionalt plansamarbeid

Team Hardanger arbeider med at planavdelingane kjem meir på banen i næringsutviklingsarbeidet. Me planlegg ei felles samling for heile Hardanger der ein vil diskutera korleis ein bedre kan samhandla mellom kommunane når det gjeld planarbeidet. T.d. er det i nokre av kommunane lange restansar på byggjesak. Samhandlinga kan verta viktig framover for god framdrift og nødvendige godkjenningar for utvikling.

Møteboka godkjent 25.03.2021

Torgeir Næss
Rådsordfører

Anders Vatle
Rådsmedlem

Roald Aga Haug
Rådsvaraordfører